

Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singsaas - Tlf. 22 34 40 06, privat 22 28 68 80
Informasjonssjef Øivind Østang - Tlf. 22 34 40 37, privat 22 22 28 01

SPERREFRIST Ingen

DATO14. 5.93

PRIV. TIL RED.:

STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Tysdag 18. mai kl. 16.00 tek statsministeren imot Erling Kagge, til ein stutt samtale om ferda hans til Sørpolen i vinter. Det er mogleg å fotografere.

Onsdag 19. mai om ettermiddagen reiser statsministeren på offisiell gjesting til Island. Vi viser til melding om dette 12. mai. På grunn av nokre endringar i timeplanen under vitjinga, tek vi opp att siste delen av meldinga:

Statsministeren kjem til Reykjavik flyplass onsdag 19. mai kl. 15.30 lokal tid, med fly frå Oslo. Følgjet bur på Hotel Saga, telefon 095 354 1 29 900 - telefax 095 354 1 62 39 80. Pressekontakt under vitjinga er statssekretær Øystein Singsaas.

Onsdag 19. kl. 18.15 vitjar statsministeren Thingvellir. Kl. 19.30 er ho gjest under ein middag som statsminister Oddsson held i statsministerbustaden på Thingvellir.

Kristi Himmelfartsdag, torsdag 20. mai, kl. 09.00 vert statsministeren motteken til samtalar med den islandske kollegaen sin, og kl. 10.00 med utanrikskomitéen i Alltinget. Kl. 11.00 vitjar ho Reykjavik rådhus, før ho kl. 12.00 er gjest under ein lunsj som borgarmeisteren, Markus Ørn Antonsson, gjev. Kl. 14.35 kjem følgjet til Reykholt, med helikopter frå Reykjavik. Etter retur til Reykjavik, møter statsministeren pressen, på Hotel Saga kl. 16.30. Kl. 19.30 er statsministeren gjest under den offisielle middagen som statsminister Oddsson gjev, i Restaurant Perlan.

Fredag 21. mai kl. 09.45 kjem statsministeren til Nesjavalla varmekraftverk. Kl. 12.30 vert ho motteken til lunsj av president Vigdis Finnbógaðóttir, i presidentbustaden på Bessastadir. Kl. 14.50 vitjar statsminister Arni Magnusson-stiftelsen, før ho kl. 15.30 møter islandske partikolleger. Kl. 17.00 er statsministeren vert for den norske mottakinga under vitjinga, i Restaurant Perlan.

Laurdag 22. mai kl. 09.00 forlet statsministeren Island, og reiser attende til Oslo.

Øivind Østang er kontoret sin pressekontakt frå laurdag 15. mai til mandag 17. mai.